

STYREPROTOKOLL

Onsdag **29. mars 2023** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 17.30
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie
INNKALLING:	Godkjent
SAKSLISTE:	Godkjent

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.02.23

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 23.02.23 blir godkjent.

Styrehandsaming 29.03.23:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 29.03.23:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 23.02.23 blir godkjent.

SAK 07/23 REGNSKAPSRAPPORT PR. 28.02.23

Styrehandsaming 29.03.23:

Leiar kommenterte rapporten. Det er tidleg på året og rapporten syner at økonomien er i tråd med budsjettet.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga:

Styret tar regnskapsrapport pr. 28.02.23 for HKS IKS til orientering.

SAK 08/23 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2022

Styrehandsaming 29.03.23:

Styret hadde ingen merknader. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet :

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner årsmelding 2022 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert sendt eigarkommunane til orientering.

SAK 09/23 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2022

Styrehandsaming 29.03.23:

Styreleiar orienterte. Styret hadde ingen merknader. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2022 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit negativt årsresultat på kr 186 258.

Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

SAK 10/23 BUDSJETT 2024

Styrehandsaming 29.03.23:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2024 med følgjande rammer:

Inntekter 2024		Utgifter 2024	
<i>Tilskot</i>	<i>2 510 000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>2 150 000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>360 000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>2 510 000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>2 510 000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2024 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	455 000
<i>Haugesund kommune</i>	455 000
<i>Tysvær kommune</i>	240 000
<i>Vindafjord kommune</i>	240 000
<i>Sveio kommune</i>	213 000
<i>Sauda kommune</i>	213 000
<i>Etne kommune</i>	213 000
<i>Suldal kommune</i>	213 000
<i>Bokn kommune</i>	140 000
<i>Utsira kommune</i>	128 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingenten frå deltakarkommunane ikkje blir auka.

SAK 11/23 ØKONOMIPLAN 2024 - 2027

Styrehandsaming 29.03.23:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2024-2027:

	2024	2025	2026	2027
<i>Inntekter:</i>				
<i>Tilskot</i>	2 510 000	2 610 000	2 715 000	2 820 000
<i>Andre inntekter</i>	0	0	0	
Totalt	2 510 000	2 610 000	2 715 000	2 820 000
<i>Utgifter:</i>				
<i>Lønn og sos. utg.</i>	2 165 000	2 250 000	2 340 000	2 433 000
<i>Driftsutgifter</i>	345 000	360 000	375 000	387 000
Totalt	2 510 000	2 610 000	2 715 000	2 820 000
<i>Resultat</i>	0	0	0	0

SAK 12/23 VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

Styrehandsaming 29.03.23:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2023.

SAK 13/23 STATUSOVERSIKT PR. MARS 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. mars 2023 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 29.03.23:

Dagleg leiar orienterte og gjorde greie for arbeidssituasjonen generelt. Det er framleis fokus på opplæring av ny rådgjevar. Han forklarte om samlingar, konferansar og status for nytt saks- og arkivsystem. Sakslista til representantskapsmøtet 24.04.23 er sendt ut. Styret kom med kommentarar og spørsmål.

Samrøystes vedtak 29.03.23 i tråd med innstillinga:

Statusoversikt pr. mars 2023 blir tatt til orientering.

SAK 14/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.03.23

7. FKT sin Sekretariatskonferanse 21. - 23. mars 2023 på Lillestrøm - SKH
8. FKT Fagkonferanse 31. mai - 1. juni 2023 i Trondheim – SKH og OGH
9. «Oppfølging av kartlegging av papirarkiv» - brev frå IKA IKS 07.03.23
10. «Høyeste lønnsvekst siden 2008» - se [Lønn \(ssb.no\)](https://ssb.no)
11. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikke for pyser» - Kommunal Rapport 20.03.23

Styrehandsaming 29.03.23:

Dagleg leiar orienterte. Styret kom med kommentarar og spørsmål.

Samrøystes vedtak 29.03.23:

Referatsakene 7 – 11 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte: onsdag 20.09.23, kl. 16.00

Aksdal, 29.03.23

Siv Bente Stople Østbø
Styreleiar

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar